

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.04.2016

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

Å oppretthalde naturleg vegetasjon og naturlege vannvegar er noko av det viktigaste ein kan gjere for å minske flaumfaren. Det betyr at ein må ivareta og oppretthalde vern av vassdrag, ivareta flaummarksskog og vegetasjon elles, samt sikre dreneringsforløpa. Restaurering av våtmark og vassdrag vil kunne bidra i denne samanhengen."

### **Røysting**

Hammer sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Innstillinga med Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkesutval meiner at NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder gir ei god oversikt over utfordringane med auka overvatn.
2. Fylkesutvalet er positiv til at handtering av overvatn vert forankra i kommunane og at deira mynde vert styrka gjennom endringar i plan- og bygningslova.
3. Fylkesutvalet er positiv til at auka kostnader for kommunane skal kunne gebyrfinansierast. Den økonomiske ansvarsbyrda bør likevel kunne fordelast på fleire aktørar enn kommunane.
4. For å sikre at handtering av overvatn vert tatt med i planlegginga av veganlegg, bør ein vurdere å ta det inn som ei føresegn i PBL. Statens vegvesen sine handbøker bør i større grad enn i dag sette krav/kriteria til korleis overvatn på vegane skal handterast.
5. Det er behov for meir kompetanse i kommunesektoren på handtering av overvatn. Eit opplegg for opplæring må inkludrast i det vidare arbeidet frå departementet si side.
6. Å oppretthalde naturleg vegetasjon og naturlege vannvegar er noko av det viktigaste ein kan gjere for å minske flaumfaren. Det betyr at ein må ivareta og oppretthalde vern av vassdrag, ivareta flaummarksskog og vegetasjon elles, samt sikre dreneringsforløpa. Restaurering av våtmark og vassdrag vil kunne bidra i denne samanhengen.